| KVAM           | Ny Kvam vgs          | 10         | 12         | -          | -          | 30         | 30           | -          | -          | -          | 30           | -                | -          | -          | -          | 180        | -            | 29               |
| VOSS           | Hjeltnes vgs         | -          | -          | -          | -          | -          | -            | -          | -          | -          | -            | -                | -          | -          | -          | -          | -            | 28               |
|                | Nye Voss gymnas*     | 20         | -          | -          | 45         | 45         | 60           | -          | -          | 30         | -            | 45               | -          | 45         | 135        | 90         | 180          | 65               |
|                | Nye Voss vgs*        | -          | 20         | 45         | -          | 30         | 60           | 135        | 30         | -          | 75           | -                | -          | -          | -          | -          | -            | 33               |
| ETNE - SVEIO   | Etne vgs             | -          | -          | -          | -          | -          | -            | -          | -          | -          | -            | -                | -          | -          | -          | -          | -            | 98               |
| <b>Sum</b>     |                      | <b>285</b> | <b>646</b> | <b>960</b> | <b>360</b> | <b>945</b> | <b>2 145</b> | <b>330</b> | <b>315</b> | <b>525</b> | <b>1 560</b> | <b>585</b>       | <b>450</b> | <b>495</b> | <b>675</b> | <b>360</b> | <b>7 698</b> | <b>18 33</b>     |

Kommentar til tabell: TAF Vg3 og Vg4 er dimensjonert som PB, gjeld Knarvik vgs og Fusa vgs

Følgjande endringar er foreslått i høve til fylkesrådmannen sitt høyringsforslag Alternativ 1:

- Odda vgs, dimensjonering ST auka frå 135 til 180.
- Odda vgs, dimensjonering TIP auka frå 45 til 60.
- Kvam vgs, dimensjonering ST auka frå 135 til 180.
- Fusa vgs og Knarvik vgs, dimensjonering PB er auka med høvesvis 30 og 60 elevplassar med bakgrunn i at det ikkje er vurdert endringar i TAF-tilboda ved skulane. Ordinære PB-

tilbod er uendra i tilrådinga.

- Nordahl Grieg vgs, dimensjonering HO er redusert frå 165 til 135.
- Slåtthaug vgs, dimensjonering HO er auka frå 150 til 180.

#### **Region Nordhordland**

- Austrheim vgs vert lagd ned hausten 2020, og tilbodet i regionen vert samla på Knarvik vgs.

Alternativ tilråding:

Det blir bygd ny skule i Austrheim med 300 elevplassar. Knarvik vgs vert redusert med 300 elevplassar frå 2020.

- Knarvik vgs får nytt tilbygg og vert samla på Juvikstølen i 2026
- Ved samling av Knarvik vgs på Juvikstølen skal det vurderast om det er grunnlag for å etablere RM ved skulen.
- PB vert auka til 120 (justering i forhold til TAF).

#### **Arna region**

- Frå skuleåret 2017/2018 skal Arna/Garnes vgs ha undervisning i to lokale. Tunesvegen vert avhenda/selt.
- Ny skule i Arna skal etablerast nær bussterminal/togstasjon med ferdigstilling i 2027.
- Fag- og skuletilbodet i regionen må samla sett vurderast på nytt ved planlegging av ny skule i Arna.

#### **Region Bergen Nord (Åsane bydel)**

- Det er ikkje planlagt større rehabiliteringar eller nybygg utover dei prosjekta som allereie er i gang.

#### **Region Bergen Sentrum**

- Dei maritime fagtilboda på vgs-nivå vert flytta frå Nedre Nygård til Laksevåg vgs hausten 2020.
- Bergen Maritime vgs vert lagt ned hausten 2020.

#### **Region Bergen Sør**

- Større rehabilitering og ei eventuell mindre utbygging av Slåtthaug vgs er planlagt slutført i 2023.
- Langhaugen vgs får nytt bygg for kroppsøving og musikk, planlagt slutført i 2022.

#### **Region Bergen Vest**

- Det studieførebuande tilbodet ved Laksevåg vgs vert avvikla hausten 2018

Alternativ tilråding:

Olsvikåsen vgs vert avvikla hausten 2018.

#### **Region Askøy**

- Større rehabilitering og ei utbygging av Askøy vgs er planlagt slutført i 2022.

#### **Region Sotra**

- Ny skule blir etablert i tilknytning til kollektivknutepunkt på Straume/Bildøy i 2024.
- Avd Sund vert avvikla/selt når den nye skulen vert teken i bruk.

#### **Region Os/Fusa**

- Det er ikkje planlagt større rehabilitering eller nybygg.
- PB vert auka til 30 (justering i forhold til TAF).

#### **Region Sunnhordland**

- Stord Vabakkjen vert rehabilitert og noko utvida i 2022.
- Rubbestadneset vgs og Fitjar vgs vert avvikla/selt når ny/rehabilitert skule på Stord opnar.

#### **Region Kvinnherad**

- Det er ikkje planlagt større rehabilitering eller nybygg.

#### Region Odda

- Det er ikkje planlagt større rehabilitering utover pågåande rehabilitering av yrkesfagbygget.
- ID-tilbodet vert lagt ned

#### Region Kvam

- Ny skule planlagt ferdigstilt i 2026. Ny skule i Kvam erstattar noverande undervisningslokale i Norheimsund og Øystese, og desse lokala vert avvikla.

#### Region Voss

- Hjeltnes vgs vert lagt ned, og tilbodet vert flytta til Voss vgs og Voss gymnas frå hausten 2017.

#### Region Etne/Sveio

- Skuletilbodet i Etne vert samordna med tilbodet i Ølen i ein felles vidaregåande skule, lokalisert ved<sup>1</sup> Ølen vgs, med Rogaland fylkeskommune som skuleeigar. Lokala i Tesdal vert ikkje selt så lenge dei vert nytta av Rogaland fylkeskommune.

- 3 Gjennomsnittleg årleg investeringsnivå innan opplæringssektoren er 500 mill. kr (2016 kroner, inkl. mva) som vist i tabell under:

| Post  | Beløp            |
|---|------------------|
| Større undervisningsutstyr (til skular i drift)       | 30 mill.         |
| Skulebruksplan – planmidlar oppstart/utgreiingar      | 5 mill.          |
| Rehabilitering og mindre ombyggingar/utvidingar       | 75 mill.         |
| Investeringsprosjekt (nybygg, store rehabiliteringar) | 390 mill.        |
| <b>Sum</b>  | <b>500 mill.</b> |

4. Tidsplan og gjennomføring som vist i tabell under:

| Skule                | Tiltak   | Tiltak       |           |
|----------------------|--|--------------|-----------|
|                      |  | Blir avvikla | Blir opna |
| Nye Voss gymnas      | Gjennomføring av vedtatt forprosjekt   |              | 2017      |
| Tertnes vgs          | Gjennomføring av vedtatt programmering   |              | 2018      |
| Bergen Katedralskole | Gjennomføring av vedtatt forprosjekt   |              | 2018      |
| Nye Åsane vgs        | Gjennomføring av vedteke programmering   |              | 2020      |
| Odda vgs             | Gjeld rehabilitering av bygg for yrkesfag. Blir investeringsprosjekt frå 2017. |              | 2018      |

<sup>1</sup> Ved en inkurie ble orda «lokalisert ved» utelatt i vedtakspunktet , jf side 27. Dette er nå retta 05.09.2016

|                             |   |      |      |
|-----------------------------|---|------|------|
| Etne vgs                    | Kommunen overtar bygg i 2023. Bygg på Tesdal vert selt 2017                                   | 2017 |      |
| Hjeltnes                    | Usikker bruk. Ingen investering eller sal av bygg teke med                                    | 2017 |      |
| Laksevåg vgs, A-bygget      | A-bygget kan seljast, men vinst av sal ikkje teke med då funksjonar må flyttast til B- bygget | 2018 |      |
| Austrheim vgs               | Vert selt 2 år før nedlegging   | 2020 |      |
| Lønborg vgs                 | Vert selt 2 år før nedlegging   | 2020 |      |
| Olsvikåsen                  | Held på bygget dersom SF og A-bygget ved Laksevåg blir lagt ned                               |      |      |
| Askøy vgs                   | Delvis rehabilitering av 50 %. Utviding 20 %  |      | 2022 |
| Langhaugen skole            | Nytt bygg for kroppsøving og musikk.  |      | 2022 |
| Slåtthaug                   | Delvis rehabilitering av 70 % av arealet  |      | 2023 |
| Årstad vgs                  | Innomhus rehabilitering av C-bygget.  |      | 2025 |
| Fitjar                      | Vert selt 2 år før nedlegging   | 2022 |      |
| Rubbestadneset              | Vert selt 2 år før nedlegging   | 2022 |      |
| Stord vgs, Vabakkjen        | Eksisterande verkstader vert rehabilitert og utvida. Klasseromsbygg vert delvis rehabilitert. |      | 2022 |
| Stord vgs, Saghaugen        | Avgrensa tiltak i samband med samanslåing   |      | 2022 |
| Sotra vgs, Bildøy           | Vert selt 2 år før nedlegging   | 2024 |      |
| Sotra vgs, Sund             | Vert selt 2 år før nedlegging   | 2024 |      |
| Nye Sotra vgs               | Etablere ny skule i kollektivknutepunkt Straume/Bildøy  |      | 2024 |
| Knarvik vgs, Kvernhusmyrane | Vert selt 2 år før nedlegging   | 2026 |      |
| Knarvik vgs, Juvikstølen    | Tilbygg for å dekke utdanningsprogram som er på Kvernhusmyrane                                |      | 2026 |
| Norheimsund vgs             | Vert selt 2 år før nedlegging   | 2026 |      |
| Øystese gymnas              | Vert selt 2 år før nedlegging   | 2026 |      |
| Nye Kvam vgs                | Ny skule  |      | 2026 |
| Arna vgs                    | Vert selt 2 år før nedlegging   | 2027 |      |
| Garnes vgs, Tunes           | Vert avvikla innan 2017 og vert selt  | 2017 |      |
| Garnes vgs, Garneshøgda     | Vert selt 2 år før nedlegging   | 2027 |      |



5. Skulebruksplanen skal rullerast kvart 4. år

### Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 05.09.2016

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Administrasjonsutvalet tar «Rullering av skulebruksplanen 2017-2030» til orientering.»

**Kari L. Bjørnsvik (Unio)** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Administrasjonsutvalet ber om at ein som hovudregel ikkje slår saman skular før om prosess kring samlokalisering er i gang.»

### Røysting

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bjørnsvik sitt forslag vart oversendt til fylkesrådmannen på vegner av Administrasjonsutvalet utan realitetsbehandling.

### Vedtak

Administrasjonsutvalet tar «Rullering av skulebruksplanen 2017-2030» til orientering.

### Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 06.09.2016

**Tom Knudsen/Roger Pilskog** sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:

1. Yrkesopplæringsnemnda slutter seg i hovedsak til de overordnede rammer for Skolebruksplanen 2017 – 2030 (Kvalitet, desentralisert skolestruktur, god ressursutnyttelse, rehabiliter skolebygg/nybygg, frigjøre midler til investering, samt sammenheng mellom mellom yrkesfagenes antall elever og faktiske læreplasser.
2. Overordnet mener Yrkesopplæringsnemnda at planen har en riktig innretning med hensyn til å dimensjonere den videregående skolen opp mot det totale elevtallet i fylket.
3. Yrkesopplæringsnemnda er opptatt av at utdanningsprogram legges nærmest mulig det arbeidslivet skolen skal betjene og levere kvalifisert arbeidskraft til. Yrkesopplæringsnemnda vil i denne forbindelse bl.a. vise til høringsuttalelsen fra Anleggsgartnere.

Yrkesopplæringsnemnda mener det strider mot de overordnede prinsipper å legge VG1 og VG2 for anleggsgartnerfaget til Voss, når de aller fleste bedrifter som tar imot lærlinger ligger i Stor-Bergen. Dette vil også gjøre det vanskeligere å få til et samarbeid med det aktuelle arbeidslivet, bl.a. med hensyn til prosjekt til fordypning mv.

4. Yrkesopplæringsnemnda legger til grunn at arbeidslivets behov for lærlinger vil alltid, og av ulike årsaker være varierende. Det må derfor sikres en dynamikk i planens innretning, slik at tilbud smertefritt kan legges ned eller opprettes etter hvert som behovene i arbeidslivet skifter.
5. Yrkesopplæringsnemnda viser til at det oppgis at det ikke er innkommet uttalelse fra elektrofaget. Yrkesopplæringsnemnda vil i denne forbindelse vise til brev datert 22.2.2016 fra OKEL Bergen og Omegn, Nelfo og EI & It.
6. I de tilfeller strukturelle behov medfører at tilbud flyttes til nye skoler, ber Yrkesopplæringsnemnda om at fylket etablerer en plan for å videreføre gode læremiljø og fagmetodikk, som også sikrer samarbeid med arbeidslivet.
7. Yrkesopplæringsnemnda viser til brev fra kunnskapsministeren til landets fylkesordførere datert 07.06.2016 vedrørende arbeidet med å skaffe flere læreplasser. Yrkesopplæringsnemnda vil

oppfordre fylkeskommunen til å videreføre «Aksjon Lærebedrift» i Hordaland i perioden 2017 - 2020.

Videre vil Yrkesopplæringsnemnda vise til sitt tidligere vedtak vedrørende at det skal inngås intensjonsavtaler mellom den enkelte skole og arbeidslivet om lære plasser som et viktig grunnlag for å opprette klasser Yrkesopplæringsnemnda ber om at dette arbeidet intensiveres ved en enkelte skole og at det rapporteres på inngåtte intensjonsavtaler, fagretning og intensjon om antall lærlingeplasser.

Yrkesopplæringsnemnda mener intensjonsavtaler vil være vesentlig for å synliggjøre behovet for skoleplasser ved den enkelte skole, samt dimensjonering av skoleplasser, og vil intensivere det gode samarbeide med arbeidslivet.

#### **Røysting:**

Knudsen/Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

Yrkesopplæringsnemnda støttar fylkesrådmannens innstilling med følgjande merknad:

1. Yrkesopplæringsnemnda slutter seg i hovedsak til de overordnede rammer for Skolebruksplanen 2017 – 2030 (Kvalitet, desentralisert skolestruktur, god ressursutnyttelse, rehabilitering skolebygg/nybygg, frigjøre midler til investering, samt sammenheng mellom mellom yrkesfagenes antall elever og faktiske lære plasser.
2. Overordnet mener Yrkesopplæringsnemnda at planen har en riktig innretning med hensyn til å dimensjonere den videregående skolen opp mot det totale elevtallet i fylket.
3. Yrkesopplæringsnemnda er opptatt av at utdanningsprogram legges nærmest mulig det arbeidslivet skolen skal betjene og levere kvalifisert arbeidskraft til. Yrkesopplæringsnemnda vil i denne forbindelse bl.a. vise til høringsuttalelsen fra Anleggsgartnere.

Yrkesopplæringsnemnda mener det strider mot de overordnede prinsipper å legge VG1 og VG2 for anleggsgartnerfaget til Voss, når de aller fleste bedrifter som tar imot lærlinger ligger i Stor-Bergen. Dette vil også gjøre det vanskeligere å få til et samarbeid med det aktuelle arbeidslivet, bl.a. med hensyn til prosjekt til fordypning mv

4. Yrkesopplæringsnemnda legger til grunn at arbeidslivets behov for lærlinger vil alltid, og av ulike årsaker være varierende. Det må derfor sikres en dynamikk i planens innretning, slik at tilbud smertefritt kan legges ned eller opprettes etter hvert som behovene i arbeidslivet skifter.
5. Yrkesopplæringsnemnda viser til at det oppgis at det ikke er innkommet uttalelse fra elektrofaget. Yrkesopplæringsnemnda vil i denne forbindelse vise til brev datert 22.2.2016 fra OKEL Bergen og Omegn, Nelfo og EI & It.
6. I de tilfeller strukturelle behov medfører at tilbud flyttes til nye skoler, ber Yrkesopplæringsnemnda om at fylket etablerer en plan for å videreføre gode læremiljø og fagmetodikk, som også sikrer samarbeid med arbeidslivet.
7. Yrkesopplæringsnemnda viser til brev fra kunnskapsministeren til landets fylkesordførere datert 07.06.2016 vedrørende arbeidet med å skaffe flere lære plasser. Yrkesopplæringsnemnda vil oppfordre fylkeskommunen til å videreføre «Aksjon Lærebedrift» i Hordaland i perioden 2017 - 2020.

Videre vil Yrkesopplæringsnemnda vise til sitt tidligere vedtak vedrørende at det skal inngås intensjonsavtaler mellom den enkelte skole og arbeidslivet om lære plasser som et viktig grunnlag for å opprette klasser Yrkesopplæringsnemnda ber om at dette arbeidet intensiveres ved en enkelte skole og at det rapporteres på inngåtte intensjonsavtaler, fagretning og intensjon om antall lærlingeplasser.

Yrkesopplæringsnemnda mener intensjonsavtaler vil være vesentlig for å synliggjøre behovet for skoleplasser ved den enkelte skole, samt dimensjonering av skoleplasser, og vil intensivere det gode samarbeide med arbeidslivet.

## Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.09.2016

**Solbjørg Marjala, R**, sette fram slikt forslag på vegner av R, MDG, V, FRP, H og SV:

«Det vert gitt tilslutnad til fylkesrådmannen sitt alternativ 0. I dette alternativet ligg dei vedtaka som vart gjort i handsaminga av skulestrukturen i 2012/2013, samt vedtak gjort i etterkant.

Alternativ 0 kan ikkje betraktast som eit fullstendig forslag og av denne grunn vil opposisjonen fram mot neste fylkesutvalsmøte, eventuelt fylkesting, gjere naudsynnte justeringar, med ein tydelig distriktsprofil.»

**Emil Gadolin, A**, sette fram slikt forslag på vegner av A, KrF og Sp:

«Det er naudsynt med meir kunnskap for å kunne treffe ei viktig avgjerd kva angår skulane Fitjar VGS og Austrheim VGS. Me vil derfor be fylkesrådmannen om å i større grad synleggjere konsekvensar og moglegheiter innafor den ramma som ligg i planen og tilbodet i Bømlo kommune.»

**Daniel Charles Hextall, SV**, sette fram slikt tillegg til Marjala sitt forslag:

«Partia ser viktigheita av ein økonomisk besparing, derfor bør bevaring av skular gjelde innafor dagens rammer.»

### Røysting

Fylkesrådmannen si innstilling fekk ingen røyster og fall.

Marjala sitt forslag, med Hextall sitt tillegg, vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 9 røster mot 6 røyster (A, Sp, KrF) for Hestad sitt forslag.

### Innstilling til fylkesutvalet

Det vert gitt tilslutnad til fylkesrådmannen sitt alternativ 0. I dette alternativet ligg dei vedtaka som vart gjort i handsaminga av skulestrukturen i 2012/2013, samt vedtak gjort i etterkant.

Alternativ 0 kan ikkje betraktast som eit fullstendig forslag og av denne grunn vil opposisjonen fram mot neste fylkesutvalsmøte, eventuelt fylkesting, gjere naudsynnte justeringar, med ein tydelig distriktsprofil.

Partia ser viktigheita av ein økonomisk besparing, derfor bør bevaring av skular gjelde innafor dagens rammer.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016

Saksordførar **Alexander Fosse Andersen (Sp)** gjekk gjennom bakgrunnen for og prosessen med planen.

**Terje Søviknes (Frp)** sette på vegner av Frp, H, V, og MDG fram slikt forslag:

«(a) Alternativt framlegg i høve fylkesrådmannen sin innstilling;

Hordaland fylkeskommune er i forhandlingar med Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om etablering av ein ny Vestlandsregion. Endar dette med etablering av ein ny region, må den nye skulebruksplanen for Hordaland sjåast i samanheng med skulestrukturen i heile den nye regionen. Spesielt gjeld dette skulane som ligg nærast dagens fylkesgrenser, Austrheim vgs og Etne vgs.

Fylkestinget står opp om ein skulestruktur som byggjer opp under målsettinga om kvalitet og redusert fråfall i den vidaregåande skulen i Hordaland.

Fylkestinget vil på noverande tidspunkt gå inn for 0-alternativet i høyringsforslaget (gjeldande skulebruksplan) med følgjande presiseringar/endingar;

Region Bergen sentrum

Bergen Maritime vgs vert oppretthalden for å sikra det samla fagmiljøet og samspel mellom fagskuletilbodet og vidaregåande utdanning innan maritime fag. Dimensjoneringa for Fagskulen på Nedre Nygård vert vurdert på nytt for å sikra nok areal til både den samanslåtte fagskulen og vidaregåande skule. Alternativt kan fagskulen organiserast med to avdelingar med ulik lokalisering.

Studiespesialisering (ST) på Årstad vert lagt ned (samla reduksjon 180 plassar).

#### Region Bergen vest

Studieførebuande tilbod ved Laksevåg vgs vert redusert til 90 plassar PB og 180 plassar ST (samla reduksjon 180 plassar).

Samla dimensjonering av skuletilbodet i Region Bergen vest må sjåast i samanheng med framtidig dimensjonering av skuletilbodet på Askøy og Sotra.

Olsvikåsen vgs vert oppretthalden.

#### Bergen Nord

Restaurant og Matfag (RM) vert oppretthalden på Åsane vgs.

#### Region Nordhordland

Pga store avstandar ynskjer fylkestinget to vidaregåande skular i Nordhordland.

Austrheim vgs vert difor oppretthalden, og det vert gjort naudsunnt opprusting av skulen slik at den fyller krav til helsegodkjenning. Endelig vedtak om investering i ny skule vert gjort når det ligg føre avklaring om ei framtidig regionreform. Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar, og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.

Studietilbodet ved Knarvik vgs vert tilpassa søkjarar og elevtalsutvikling. Det vert investert i nytt bygg ved Juvikstølen i 2026.

#### Region Sunnhordland

Skuletilbodet på Bømlo vert samla i ein vidaregåande skule, - lokalisert til Bømlo vgs eller Rubbestandneset vgs. Lokalisering av den «nye» skulen vert å koma tilbake til etter ei grundig vurdering av dei ulike føremoner og ulemper ved dei to ulike alternativa. Kommune og lokalt næringsliv vert invitert med i ei slik vurdering.

Fagtilbodet og dimensjoneringa av den nye skulen skal vera på minst same nivå som dei to noverande skulane har i dag.

Fitjar vgs vert oppretthalden.

#### Region Etne/Sveio

Skuletilbodet i Etne og Ølen slåast saman i ein skule, men Etne oppretthaldast som studiestad inntil vidare.»

### **Eigne framlegg – Region Voss**

FrP/H fremjar følgjande forslag;

#### (b) Region Voss

-Hjeltnes vgs blir lagt ned. Anleggsgartnar og idrettsanleggsgag (NA) og blomsterdekoratør (DH) vert lagt til Stend vgs.

V/MDG fremjar følgjande forslag;

#### (c) Region Voss

-Hjeltnes vgs blir lagt ned. Anleggsgartnar og idrettsanleggsgag (NA) og blomsterdekoratør (DH) vert lagt til Voss i tråd med rådmannens innstilling.»

**Roald Kvamme (A)** sette på vegner av A, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt alternativ 2 vert lagt til grunn med desse endringane:

#### Nordhordland

- Austheim vidaregåande vert oppretthalden. Det vert gjort naudsunt opprusting av skulen slik at den fyller krav til helsegodkjenning.
- Endelig vedtak om investering i ny skule vert gjort når det føreligg avklaring om ei framtidig regionreform.
- Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.
- Studietilbodet ved Knarvik vert tilpassa søkjarar og elevtalsutvikling. Det vert investert i nytt bygg ved Juvikstølen i 2026.

#### Sunnhordland

- Bømlø og Rubbestadneset VGS vert slått saman til ein skule og skal heita Bømlø VGS.
- Skulen vert samlokalisert på Bremnes og kommune og næringsliv vert invitert med i prosessen med utviding av skulearealet for den nye skulen.
- Dimensjonering og studietilbod ved den nye skulen skal sikra eit fullverdig tilbod i høve til det ein har i dag og sjåast i samanheng med det øvrige tilbodet i regionen og på sikt vurdere nytt utdanningstilbod innan havbruk. Det skal vera tilbod innan yrkesfaga TIP og EL på skulen.
- Det vert utgreidd eit pilotprosjekt ved skulen som skal styrkja samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at m.a. opplæring som krev kostbare investeringar i verkstadar og bygg innan yrkesfag kan gjennomførast ute i bedrift.
- Fitjar VGS vert vidareført. Programfag for påbygg vert vurdert flytta til Stord VGS for å utnytte ledig kapasitet, og leigeavtalen skulen har for tilleggsareal vert avvikla.

#### Etne

- Etne VGS og Ølen VGS vert slått saman til ein skule og lokalisert ved dagens Ølen VGS. Det vert etablert eit prosjekt for samanslåingsprosessen med representantar frå begge fylkeskommunane.
- Hordaland fylkeskommune føreset at elevane ved Etne VGS får fullført påbegynte utdanningsprogram ved den samanslåtte skulen. Vidare føreset ein at programfaga Etne VGS har i dag vert overført til den samanslåtte skulen.
- Dei tilsette ved Etne vgs må få tilbod om vidare tilsetjing ved Ølen vgs så langt det er råd, eller overføring til andre fylkeskommunale skular.

#### Ulvik

- Fylkeskommunen skal medverka til at det kjem på plass ei løysing med ny aktivitet i lokala til Hjeltnes VGS.

#### Bergen Vest

- Olsvikåsen VGS vert vidareført. Studietilbodet Laksevåg VGS vert vurdert på ny med den målsetting å få til ei løysing med tilbod om studieførebuande programfag.
- Dimensjonering av elevtal og programfag i Bergen Vest skal sjåast i samanheng med tilbod og investeringar i Region Sotra og Region Askøy.

#### Kvam

- Det vert innleia samtalar med Kvam kommune for å sikra ny tomt til den vidaregåande skulen sentralt plassert i Norheimsund.»

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av KrF fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesrådmannen vert beden om å laga eit notat som syner den økonomiske effekten av dei to framlegga i fylkesutvalet vedkomande skulebruksplanen.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Søviknes sitt forslag (a) fekk 7 røyster (Frp, G, V, MDG) og fall.

V og MDG sitt forslag (c) fekk 10 røyster (V, MDG, SV, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Frp og H sitt forslag (b) fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Kvamme sitt forslag fekk 8 røyster (A, Sp, KrF, SV) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkesrådmannen sitt alternativ 2 vert lagt til grunn med desse endringane.

#### Nordhordland

- Austrheim vidaregåande vert oppretthalden. Det vert gjort naudsunt opprusting av skulen slik at den fyller krav til helsegodkjenning.
- Endelig vedtak om investering i ny skule vert gjort når det føreligg avklaring om ei framtidig regionreform.
- Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.
- Studietilbodet ved Knarvik vert tilpassa søkjarar og elevtalsutvikling. Det vert investert i nytt bygg ved Juvikstølen i 2026.

#### Sunnhordland

- Bømlo og Rubbestadneset VGS vert slått saman til ein skule og skal heita Bømlo VGS.
- Skulen vert samlokalisert på Bremnes og kommune og næringsliv vert invitert med i prosessen med utviding av skulearealet for den nye skulen.
- Dimensjonering og studietilbod ved den nye skulen skal sikra eit fullverdig tilbod i høve til det ein har i dag og sjåast i samheng med det øvrige tilbodet i regionen og på sikt vurderer nytt utdanningstilbod innan havbruk. Det skal vera tilbod innan yrkesfaga TIP og EL på skulen.
- Det vert utgreidd eit pilotprosjekt ved skulen som skal styrkja samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at m.a. opplæring som krev kostbare investeringar i verkstadar og bygg innan yrkesfag kan gjennomførast ute i bedrift.
- Fitjar VGS vert vidareført. Programfag for påbygg vert vurdert flytta til Stord VGS for å utnytte ledig kapasitet, og leigeavtalen skulen har for tilleggsareal vert avvikla.

#### Etne

- Etne VGS og Ølen VGS vert slått saman til ein skule og lokalisert ved dagens Ølen VGS. Det vert etablert eit prosjekt for samanslåingsprosessen med representantar frå begge fylkeskommunane.
- Hordaland fylkeskommune føreset at elevane ved Etne VGS får fullført påbegynte utdanningsprogram ved den samanslåtte skulen. Vidare føreset ein at programfaga Etne VGS har i dag vert overført til den samanslåtte skulen.
- Dei tilsette ved Etne vgs må få tilbod om vidare tilsetjing ved Ølen vgs så langt det er råd, eller overføring til andre fylkeskommunale skular.

#### Ulvik

- Fylkeskommunen skal medverka til at det kjem på plass ei løysing med ny aktivitet i lokala til Hjeltnes VGS.

#### Bergen Vest

- Olsvikåsen VGS vert vidareført. Studietilbodet Laksevåg VGS vert vurdert på ny med den målsetting å få til ei løysing med tilbod om studieførebuande programfag.
- Dimensjonering av elevtal og programfag i Bergen Vest skal sjåast i samanheng med tilbod og investeringar i Region Sotra og Region Askøy.

#### Kvam

- Det vert innleia samtalar med Kvam kommune for å sikra ny tomt til den vidaregåande skulen sentralt plassert i Norheimsund.

#### Region Voss

- Hjeltnes vgs blir lagt ned. Anleggsgartnar og idrettsanleggsgfag (NA) og blomsterdekoratør (DH) vert lagt til Voss i tråd med rådmannens innstilling.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 04.10.2016**

Saksordførar **Alexander Fosse Andersen (Sp)** gjekk gjennom bakgrunnen for og prosessen med planen.

**Roald Kvamme (A)** sette på vegner av gruppeleiarane fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt alternativ 2 vert lagt til grunn med desse endringane:

#### Nordhordland

- Austrheim vidaregåande vert oppretthalden. Endelig vedtak om investering i ny skule vert gjort når det føreligg avklaring om ei framtidig regionreform.
- Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.
- Studietilbodet ved Knarvik vert tilpassa søkjarar og elevtalsutvikling. Det vert investert i nytt bygg ved Juvikstølen i 2026.

#### Sunnhordland

- Bømlo og Rubbestadneset VGS vert slått saman til ein skule og skal heita Bømlo VGS, den nye skulen vert lokalisert på Bremnes.
- Det vert utgreidd eit pilotprosjekt ved skulen som skal styrkja samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at m.a. opplæring som krev kostbare investeringar i verkstadar og bygg innan yrkesfag (TIP), kan gjennomførast ute i bedrift. Kommune og næringsliv vert invitert med i denne prosessen.
- Alternativ 1 (Gruppeleiarane i Ap, Krf, Sp, Sv og Mdg) : Dimensjonering og studietilbod ved den nye skulen skal sikra eit fullverdig tilbod i høve til det ein har i dag og sjåast i samanheng med det øvrige tilbodet i regionen. Det skal vera tilbod innan yrkesfaga TIP og EL på skulen. På sikt skal ein vurdere nytt utdanningstilbod innan havbruk.
- Alternativ 2 (Gruppeleiarane i V, H): Det vert lagt til grunn at ny felles skule skal gi det utdanningstilbodet dei to skulane saman gir i dag, sett i samanheng med det øvrige tilbodet i regionen. På sikt skal ein vurdere nytt utdanningstilbod innan havbruk.
- Fitjar VGS vert vidareført. Programfag for påbygg vert vurdert flytta til Stord VGS for å utnytte ledig kapasitet, og leigeavtalen skulen har for tilleggsareal vert avvikla.

## Etne

- Etne VGS og Ølen VGS vert slått saman til ein skule og lokalisert ved dagens Ølen VGS. Det vert etablert eit prosjekt for samanslåingsprosessen med representantar frå begge fylkeskommunane.
- Hordaland fylkeskommune føreset at elevane ved Etne VGS får fullført påbegynte utdanningsprogram ved den samanslåtte skulen. Vidare føreset ein at programfaga Etne VGS har i dag vert overført til den samanslåtte skulen.
- Dei tilsette ved Etne vgs må få tilbod om vidare tilsetjing ved Ølen vgs så langt det er råd, eller overføring til andre fylkeskommunale skular.

## Bergen Vest/Bergen sentrum

- Olsvikåsen vgs vert vidareført.
- Den vedtekne samanslåinga av fagskulane til den nye «Fagskulen i Hordaland», vert saman med Bergen maritime VGS lokalisert ved dagens Laksevåg Vgs. Rådmannen sitt alt 2 ved Laksevåg Vgs vert tilpassa dette.

Rådmannen vert beden om å koma attende med ei eiga sak til fylkestinget i desember 2016.

## Kvam

- Det vert innleia samtalar med Kvam kommune for å sikra ny tomt til den vidaregåande skulen sentralt plassert i Norheimsund.

## Region Voss (Gruppeleiarane i Ap, Krf, Sv, Sp)

- Hjeltnes vgs blir lagt ned. Anleggsgartnar og idrettsanleggsgag (NA) og blomsterdekoratør (DH) vert lagt til Voss i tråd med rådmannens innstilling.
- Fylkeskommunen skal medverka til at det kjem på plass ei løysing med ny aktivitet i lokala til Hjeltnes VGS.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette på vegner av Frp og V fram slikt forslag:

«**(a)** Alternativt framlegg i høve innstilling;

Hordaland fylkeskommune er i forhandlingar med Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om etablering av ein ny Vestlandsregion. Endar dette med etablering av ein ny region må den nye skulebruksplanen for Hordaland sjåast i samanheng med skulestrukturen i heile den nye regionen. Spesielt gjeld dette skulane som ligg nærast dagens fylkesgrenser, Austrheim vgs og Etne vgs.

Fylkestinget stør opp om ein skulestruktur som byggjer opp under målsettinga om kvalitet og redusert fråfall i den vidaregåande skulen i Hordaland.

Fylkestinget vil på noverande tidspunkt gå inn for 0-alternativet i høringsforslaget (gjeldande Skulebruksplan) med følgjande presiseringar/endingar;

### Region Bergen sentrum

Bergen Maritime vgs vert oppretthalden for å sikra det samla fagmiljøet og samspel mellom fagskuletilbodet og vidaregåande utdanning innan maritime fag. Dimensjoneringa for Fagskulen på Nedre Nygård vert vurdert på nytt for å sikra nok areal til både den samanslåtte fagskulen og vidaregåande skule. Alternativt kan fagskulen organiserast med to avdelingar med ulik lokalisering.

Studiespesialisierende (ST) på Årstad vert lagt ned (samla reduksjon 180 plassar).



### Region Bergen vest

Studieførebuande tilbod ved Laksevåg vgs vert redusert til 90 plassar PB og 180 plassar ST (samla reduksjon 180 plassar).

Samla dimensjonering av skuletilbodet i Region Bergen vest må sjåast i samanheng med framtidig dimensjonering av skuletilbodet på Askøy og Sotra.

Olsvikåsen vgs vert oppretthaldt.

### Bergen Nord

Restaurant og Matfag (RM) vert oppretthalden på Åsane vgs.

### Region Nordhordland

Pga store avstandar ynskjer fylkestinget to vidaregåande skular i Nordhordland.

Austrheim vgs vert difor oppretthalden, og det vert gjort naudsunnt opprusting av skulen slik at den fyller krav til helsegodkjenning. Endelig vedtak om investering i ny skule vert gjort når det ligg føre avklaring om ei framtidig regionreform. Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar, og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.

Studietilbodet ved Knarvik vgs vert tilpassa søkjarar og elevtalsutvikling. Det vert investert i nytt bygg ved Juvikstølen i 2026.

### Region Sunnhordland

Skuletilbodet på Bømlo vert samla i ein vidaregåande skule, - lokalisert til Bømlo vgs eller Rubbestandneset vgs. Lokalisering av den «nye» skulen vert å koma tilbake til etter ei grundig vurdering av dei ulike føremoner og ulemper ved dei to ulike alternativa. Kommune og lokalt næringsliv vert invitert med i ei slik vurdering.

Fagtilbodet og dimensjoneringa av den nye skulen skal vera på minst same nivå som dei to noverande skulane har i dag.

Fitjar vgs vert oppretthalden.

### Region Etne/Sveio

Skuletilbodet i Etne og Ølen slåast saman i ein skule, men Etne oppretthaldast som studiestad.

## SKULEBRUKSPLAN HORDALAND FYLKESKOMMUNE

**(b)** Punktwise endringsframlegg i høve fellesframlegg frå gruppeleiarane:

### Sunnhordland

Skuletilbodet på Bømlo vert samla i ein vidaregåande skule, - lokalisert til Bømlo vgs eller Rubbestandneset vgs. Lokalisering av den «nye» skulen vert å koma tilbake til etter ei grundig vurdering av dei ulike føremoner og ulemper ved dei to ulike alternativa. Kommune og lokalt næringsliv vert invitert med i ei slik vurdering. Fagtilbodet og dimensjoneringa av den nye skulen skal vera på minst same nivå som dei to noverande skulane har i dag.

**(1)** Fitjar vgs vert oppretthalden.

### **(2)** Etne

Skuletilbodet i Etne og Ølen slåast saman i ein skule, men Etne oppretthaldast som studiestad.

### **(3)** Bergen Vest/Bergen Sentrum (tillegg til avsnitt i fellesframlegg)

I perioden fram til samlokalisering av Fagskulen i Hordaland (BTF og BMF) og Bergen Maritime vgs på Laksevåg vert studietilboda ved desse skulane oppretthaldt som i dag.

#### **(4) Region Voss**

Hjeltnes vgs blir lagt ned. Anleggsgartner og idrettsanleggsgag (NA) og blomsterdekoratør (DH) vert lagt til Stend vgs.»

**Solbjørg Marjala (R)** sette fram slikt forslag:

«Vi legger «Alternativ 0» i fylkesrådmannens skolebruksplan til grunn. Vi tar avstand fra fylkesrådmannens visjon om en storstilt sentralisering og nedbygging av det videregående tilbudet i Hordaland. Vi er klar over at disse tankene også deles av noen av partiene på fylkestinget, men vi i Rødt er politisk uenige.

#### Generelt:

- Vi vil forby opptak på mer enn 30 elever per klasse med mindre det foreligger søknad om dette. Dette for å forhindre at enkelte skoler overfyller klassene og dermed gjør at andre skoler ikke kan fylle sine klasser.
- Vi ønsker også å tilby påbygg (PB) klasser der det er behov for dette.
- Totalt har denne skolebruksplanen er nedjustering av elevplassene på ca. 1700 elevplasser.

#### Nord-Hordaland:

- Austrheim opprettholdes. Noe annet vil gi for lang reisevei for mange elever.
- Det bygges ny skole med en kapasitet på ca. 250 elever, som kan overta når dagens leieavtale går ut i 2020. Plasseringen av denne bør gjøres i samarbeid med kommunene i området. Lokalt næringsliv bør også trekkes med, slik at de kan komme med innspill om veien videre og muligheten for å ha læring ute i bedriftene.
- Det arbeides for å samle Knarvik videregående på en lokasjon.

#### Bergen Nord:

- Nye Åsane vgs nedjusteres, slik at man ikke behøver å nedjustere Knarvik vgs senere.
- RM (restaurant og matfag) opprettholdes og kan få nye elevplasser fra Årstad.

#### Bergen Sentrum:

- ST (studiespesialiserende) og KDA (kunst, design og arkitektur) legges ned på Årstad vgs. KDA flyttes til Tertnes vgs, noe som minsker overkapasiteten på ST (det vil si at Tertnes vgs mister tilsvarende plasser ST som de får på KDA). RM på Årstad vgs flyttes til nye Åsane vgs.
- Bergen Maritime vgs og fagskolen holdes samlet. En eventuell flytting av disse to til Laksevåg må behandles som en egen sak.

#### Bergen Vest:

- Olsvikåsen vgs legges ikke ned.
- ST opprettholdes på Laksevåg. Nybygg på Sotra og Askøy må dimensjoneres i forhold til elevtall, det vil si at de muligens må nedjusteres i forhold til nåværende planer.

#### Bergen Nord:

- Overføring av plasser på HO fra Nordahl Grieg til Slåtthaug, jamfør Fylkesrådmannens «Alternativ 2»

#### Sunnhordaland:

- Fitjar vgs opprettholdes.
- Bømlo vgs og Rubbestadneset vgs blir slått sammen til en skole. Kommune og næringsliv blir tatt med i dette arbeidet, både med tanke på lokalisering og med tanke på læring ute i bedrift. Linjetilbudet opprettholdes i sin helhet.

#### Kvam:

- Øystese vgs og Norheimsund vgs slås sammen. Administrasjonen må se på muligheter for å starte byggingen av ny skole før dagens tidskjema.
- Bygg og anleggslinja opprettholdes.

#### Hardanger:

- Odda får tilby ST med idrett (45 elevplasser), BA både vg1 og vg2 (30 elevplasser) og tilby inntil 75 TIP-plasser.

- Vi vil se på muligheten av å beholde vgs på Hjeltnes sammen med en produksjonsskole. Fagskoletilbudet opprettholdes.

#### Etne:

- Starter en prosess med Rogaland Fylkeskommune for å se på fusjonsmuligheter mellom Etne vgs og Ølen vgs.

#### De private skolene:

- Det kan ikke være slik at det er bare de offentlige skolene som må ta kutt. Bergen Private Gymnas og Metis akademiet har begge blitt dømt i Bergen Tingrett for brudd på friskoleloven. Nedleggelsen av disse reduserer overkapasiteten med ca. 1000 elevplasser.»

### **Røysting**

Innstillinga frå fylkesutvalet fekk ingen røyster og fall.

Marjala sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Søviknes sitt alternative forslag (a) fekk 12 røyster (Frp, 1A, V, R) og fall.

Kvamme sitt forslag, Nordhordland, vart samrøystes vedteke.

Kvamme sitt forslag, Sunnhordland, første kulepunkt fekk 33 røyster (19A, KrF, Sp, SV, MDG) og vart vedteke.

Kvamme sitt forslag, Sunnhordland, andre kulepunkt fekk 33 røyster (19A, KrF, Sp, SV, MDG) og vart vedteke.

Forslaget frå gruppeleiarane i A, KrF, Sp, SV og MDG, Sunnhordland, tredje kulepunkt fekk 33 røyster (19A, KrF, Sp, SV, MDG) og vart vedteke.

Forslaget frå gruppeleiarane i V og H, Sunnhordland, fjerde kulepunkt fekk ingen røyster og fall.

Kvamme sitt forslag, Sunnhordland, femte kulepunkt vart vedteke med 33 røyster mot 24 røyster (Frp, H, V, R, 1A) Søviknes sitt forslag (b 1) Fitjar vgs.

Kvamme sitt forslag, Etne, vart vedteke med 45 røyster (19A, KrF, Sp, SV, H, MDG) mot 12 røyster for Søviknes sitt forslag (b 2) Etne.

Kvamme sitt forslag, Bergen Vest/Bergen sentrum, vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag/tillegg (b 3), Bergen Vest/Bergen sentrum, fekk 25 røyster (Frp, V, H, 1A, 1KrF, R) og fall.

Kvamme sitt forslag, Kvam, vart samrøystes vedteke.

Forslaget frå gruppeleiarane i A, KrF, Sp, SV, V og MDG, region Voss, første kulepunkt, vart vedteke med 38 røyster mot 19 røyster (Frp, H) for Søviknes sitt forslag (b 4) region Voss.

Forslaget frå gruppeleiarane i A, KrF, Sp, SV, V og MDG, region Voss, andre kulepunkt, fekk 38 røyster (A, KrF, Sp, SV, R, V, MDG) og vart vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesrådmannen sitt alternativ 2 vert lagt til grunn med desse endringane:

#### **Nordhordland**

- Austrheim vidaregåande vert oppretthalden. Endelig vedtak om investering i ny skule vert gjort når det føreligg avklaring om ei framtidig regionreform.
- Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.
- Studietilbodet ved Knarvik vert tilpassa søkjarar og elevtalsutvikling. Det vert investert i nytt bygg ved Juvikstølen i 2026.

#### **Sunnhordland**

- Bømlo og Rubbestadneset VGS vert slått saman til ein skule og skal heita Bømlo VGS, den nye skulen vert lokalisert på Bremnes.
- Det vert utgreidd eit pilotprosjekt ved skulen som skal styrkja samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at m.a. opplæring som krev kostbare investeringar i verkstadar og bygg innan yrkesfag (TIP), kan gjennomførast ute i bedrift. Kommune og næringsliv vert invitert med i denne

prosessen.

- Dimensjonering og studietilbod ved den nye skulen skal sikra eit fullverdig tilbod i høve til det ein har i dag og sjåast i samanheng med det øvrige tilbodet i regionen. Det skal vera tilbod innan yrkesfaga TIP og EL på skulen. På sikt skal ein vurdere nytt utdanningstilbod innan havbruk.
- Fitjar VGS vert vidareført. Programfag for påbygg vert vurdert flytta til Stord VGS for å utnytte ledig kapasitet, og leigeavtalen skulen har for tilleggsareal vert avvikla.

#### Etne

- Etne VGS og Ølen VGS vert slått saman til ein skule og lokalisert ved dagens Ølen VGS. Det vert etablert eit prosjekt for samanslåingsprosessen med representantar frå begge fylkeskommunane.
- Hordaland fylkeskommune føreset at elevane ved Etne VGS får fullført påbegynte utdanningsprogram ved den samanslåtte skulen. Vidare føreset ein at programfaga Etne VGS har i dag vert overført til den samanslåtte skulen.
- Dei tilsette ved Etne vgs må få tilbod om vidare tilsetjing ved Ølen vgs så langt det er råd, eller overføring til andre fylkeskommunale skular.

#### Bergen Vest/Bergen sentrum

- Olsvikåsen vgs vert vidareført.
- Den vedtekne samanslåinga av fagskulane til den nye «Fagskulen i Hordaland», vert saman med Bergen maritime VGS lokalisert ved dagens Laksevåg Vgs. Rådmannen sitt alt 2 ved Laksevåg Vgs vert tilpassa dette.

Rådmannen vert beden om å koma attende med ei eiga sak til fylkestinget i desember 2016.

#### Kvam

- Det vert innleia samtalar med Kvam kommune for å sikra ny tomt til den vidaregåande skulen sentralt plassert i Norheimsund.

#### Region Voss

- Hjeltnes vgs blir lagt ned. Anleggsgartnar og idrettsanleggsgag (NA) og blomsterdekoratør (DH) vert lagt til Voss i tråd med rådmannens innstilling.
- Fylkeskommunen skal medverka til at det kjem på plass ei løysing med ny aktivitet i lokala til Hjeltnes VGS.

# PS 73/16 Regionreforma - intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion

## Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser på forhandlingsresultatet i intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som eit godt utgangspunkt for endeleg handsaming av etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016.
2. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på offentlig høyring fram mot fylkestinget i desember 2016. Som ein del av høyringsgrunnlaget blir fylkesrådmannen bedt om å utarbeide ein samla rapport av felles utgreiingsarbeid som vart lagt til grunn for forhandlingane om intensjonsplanen.
3. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i oktober, ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion på fylkestinga i desember, får forhandlingsutvalet fullmakt til å starte ein ny dialog med enten Rogaland fylkeskommune eller Sogn og Fjordane der det vert vurdert andre moglege nye regionløyisingar.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 04.10.2016

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Nytt forslag: Punkt 4:  
Fylkestinget ønskjer at nynorsk skal vere administrasjonsspråk i ein eventuell ny Vestlandsregion.

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slik protokollmerknad:

«-SV ønskjer å sende intensjonsavtalen på høring, men vil signalisere motstand mot "Hovudmål 4: Strategisk infrastrukturbygging. Delmål

Første kulepunkt, andre setning: Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion." og vil heller jobba for å gjere Vestlandet miljøvennleg og bærekraftig.

-Ein ny region må få tilført betydelege oppgaver. T.d. helseføretaka og høgskulane.»

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av A, Sp, H, Frp, MDG, V og KrF fram slikt forslag (a):

«Alternativ til rådmannen sitt forslag punkt 3:

3. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom sine vedtak ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet, som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion, får styringsgruppa fullmakt til å avklare om forhandlingsutvalet skal starte ein ny dialog med den av fylkeskommunane som seier ja, for å vurdere andre moglege nye regionløyisingar.»

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av A, Sp, H, MDG og KrF fram slikt forslag (b):

Nytt punkt 4:  
«Spørsmålet om kva administrasjonsspråk det nye Vestlandsfylket skal ha, blir ein del av høyringsprosessen og vil bli avgjort av fylkestinget i dei tre fylkeskommunane etter at alle høyringsinstansane har fått uttalt seg.»

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Til votering i punkt 1,- ordet godt strykast på linje 2.»

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slik protokollmerknad:

«Vilkår som må følgja saka på høyringa:

Målføre: Ein ny Vestlandsregion må byggja opp om ein Vestlandsidentitet. Som kjerneområde for nynorsk, har nynorsk ei særstilling for identiteten i regionen vår no og i framtida. Administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen må difor vera nynorsk.

Oppgåver: Ein Vestlandsregion må få større og tyngre oppgåver flytta frå statleg nivå til regionalt nivå, og oppgåvene må vera avklart før ein kan fatta endeleg vedtak. Som minimum av nye oppgåver må Vestlandsregionen får overført helseforetaka og høgskuleutdanninga.

Demokrati: Valkrinsane må halda fram som i noverande tre valkrinsar, slik at ein sikrar at distrikta vert representert i regionleiing og på Stortinget.»

### **Røysting**

Bondhus sitt forslag fekk 3 røyster (Sp, SV, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt.1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt.2 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt.3 fekk ingen røyster og fall.

Kårbø sitt forslag til pkt. 3 (a) vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag til nytt pkt. 4 fekk 3 røyster (SV, V, MDG) og fall.

Kårbø sitt forslag til pkt. 4 (b) fekk 11 røyster (A, Sp, Krf, MDG, H) og vart vedteke.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget ser på forhandlingsresultatet i intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som eit godt utgangspunkt for endeleg handsaming av etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016.
